

Palestina – eit folkemord

Harald Haukaa Fjørtoft

Publisert: 04.04.13 04:30 Oppdatert: 03.04.13 12:18

[AAA](#)

[Skriv ut](#)

Nett komen heim etter ein studietur i Palestina (Vestbreidda) med besøk hjå styresmakter, organisasjonar, fagrørsla og palestinrarar som lever på restane av eigedomane sine med ulovlege busettarar som naboor og eigedomstjuvar. Eg er styrkt i mi støtte til palestinrarane og har sett den zionistiske terroren på nært hold (litt for nært – eg vart råka av ein tåregassgranat under ein demonstrasjon mot ein av delingsmurane).

Zionistar har sidan 1947 drive terror mot palestinrarar for å overta «det heilage land» som ein rein jødisk stat. I dette «heilage landet» budde det folk frå fleire folkegrupper og religionar. Det store fleirtalet var palestinrarar. Terroren har ført til at 7 millionar (4,6 millionar registrerte av UNRWA) er tvungne frå hus og jord og er flyktingar i eige eller andre land. Israel har okkupert heile landet der palestinrarane vert pressa stadig lengre mot aust (Jordan). Målet er å overta all eigedom og heile landet. Eg har møtt palestinrarar som har mista heimane sine ved at zionistiske kolonistar har drive dei ut av heimane sine med soldathjelp, og så berre flytta inn.

Mange, som Desmond Tutu, har kalla dette eit apartheidssystem verre enn det i Sør-Afrika. I dag er dette for svakt. Det som går føre seg i Palestina i dag er eit folkemord ved «bevisst å la gruppen utsettes for levevilkår som tar sikte på å bevirke dens fysiske ødeleggelse helt eller delvis». Dei palestinrarane som er att, lever bak murar og piggtråd utan rett til ein gong å forflytta seg i eige område. Dette liknar mest konsentrasjonsleirar og tilhøve som zionistane burde kjenne frå Warszawa-gettoen under nazi-terroren. Det er ikkje store skilnaden på nazismen då og den israelske zionismen i dag.

(Dei som ikkje trur tilhøva er så ille, bør undersøkje sjølv. Eg kan formidla kontakt med reisearrangør.)

Dette kan Israel gjere som ei militær stormakt støtta og bygd opp av USA. Men USA er ikkje alleine. Noreg bidreg med ammunisjon og rakettvåpen og finansiering av staten. Pensjonsfondet har nettopp kjøpt israelske statsobligasjoner for 4,5 milliardar kroner. Dette er å vera medskuldig i dei folkerettslege overgrepene mot palestinrarane og er ei stor skam. Ein grunn kan vera at Noreg og Statoil ser at det er mogeleg å gjøre profitt – Israel har funne olje og gass i Palestina. Samtidig er Noreg leiar av gjevarlandsgruppa som står dei palestinske «sjølvstyresmaktene». Dette er å tale med to tunger.

Verdssamfunnet har gong på gong fordømt Israels overgrep mot palestinrarane, men følger ikkje opp sine eigne vedtak.

Som einskildpersonar kan me slutte å kjøpe varer produsert i Israel eller tek imot tenester frå selskap som tener på overgrepene (som selskapet G4S som leverer utstyr til fengsla, forhøyrsentra og leirane og Veolia som bygde bane til dei ulovlege busetnadene rundt Jerusalem). Som borgarar kan me krevje at det ikkje går ei krone eller ei kule til dei israelske folkerettsforbrytarane.